

Namnsetjing av felt og funn på norsk kontinentalsokkel

Innleiing

Svart gull, fargerike namn

Den 31. mai 1963 vart sokkelen erklært norsk gjennom kongeleg resolusjon. To år seinare vart avtale med Storbritannia og Nord-Irland om deling av kontinentalsokkelen underskriven. Og dagen før jolaftan 1969 fann "Ocean Viking" til slutt oljefeltet som no lyder namnet Ekofisk. Der og då byrja forteljinga om det moderne folkestyret Noreg: ei søge om store rikdomar, politikk for "et kvalitativt bedre samfunn", klok og langsiktig forvaltning av nasjonale naturressursar. Eit tidsskilje. Men dette er òg ei historie om namn som med tida har vorte allemannseige: Snøkvit. Statfjord. Troll.

Vi og me

Jamsides oppdaging og utvinning av stendig nye olje- og gassførekomstar har Noreg vorte eit fleirkulturelt samfunn. I dag kjem nordmenn frå heile verda. Norske slektstre har fått fleire og lengre røter: Norske statsborgarar talar og skriv fleire språk, lyder meir forskjellige namn og feirar fleire ulike høgtider enn nokosinne. Samstundes skal vi vera nett det: eit kollektivt vi. Av mange, éin – som det heiter i landet dit nordmenn drog i hopetal på 1800-talet.

Difor er gamaldags nasjonsbygging like mykje i tida no som då. Like framtidretta og krevjande no som då Stortinget i 1885 vedtok at det på norsk i dag kan heita både "vi" og "me". Den seige sameksistensen mellom bokmål og nynorsk er eitt vitnemål om at det norske handlar om skilnader innanfor ei sams ramme og på felles grunn. Der ligg òg kimen til eit nytt og endå meir samansett demokratisk Noreg: ulikt, men likt. Forskjellig, men samtidig.

Fyrtårn utanskjers

Etter Ekofisk-funnet har ikkje skiftande regjeringar og storting ført nokon gjennomtenkt eller systematisk utanskjers namnepolitikk. Men historia er ikkje over: Gass- og oljefelta i hava utanfor kysten vår bør klårt og tydeleg medverka til nasjonsbygginga som nasjonen skal byggja på. Dei kan gjevast namn som strekar under den felles historia ulike nordmenn bør ha. Dei kan lyda namn som gjev sams atterklang, dei kan vera symbolske fyrtårn som lyser opp leiå vidare – ved å minna oss om kva, kven og når Noreg og det norske folkestyret er. Mest likt ekko, atterljom – langt frå land. Men like fullt høyrleg, i bakgrunnen.

Rettleiar og mandat

Rådgevande namnegruppe:

- Departementet etablerer ei rådgevande namnegruppe som får i oppgåve å gjera framlegg til namn på nye olje- og gassfelt etter innspel frå selskapa.
- Namnegruppa skal ha namnet "rådgevande namnegruppe" og ha fire medlemmer.
- Tilrådingane frå namnegruppa skal basera seg på simpelt fleirtal. Leiaren har dobbelstemme.
- Departementet peikar ut namnegruppa.

Sakshandsaming:

- I samband med utbygging av nye felt skal operatøren, på vegner av rettshavarane, senda inn forslag om namn til den rådgevande namnegruppa med kopi til departementet.
- Namneforslaget skal sendast inn seinast i samband med innsending av plan for utbygging og drift (PUD).
- Departementet kan setja i verk prosessen med namnsetjing på eige initiativ, om departementet finn det føremålstenelig.
- Namneforslaget frå selskapa skal tilfredsstillast krav til namn fastsette av departementet.
- Namnegruppa skal leggja fram si tilråding (maksimalt to forslag) for departementet i rimeleg tid før ei feltutbygging skal godkjennast.
- Namneforslag skal av tryggleiksmessige årsaker kommuniserast med Språkrådet og Oljedirektoratet.

Kriterium for val av namn

- Alle namneforslag for nye, sjølvstendige utbyggingar skal i hovudsak ha rot i det norske konstitusjonelle folkestyret i tida etter 1814, til dømes namn, stader eller hendingar med symboleffekt. Namneforslaga kan løfta fram enkeltpersonar som har medverka til utviklinga av og/eller halde ved lag det norske demokratiet. Livsverka deira skal ha vore samlande og endrande på eit vis som peika framover i samtida.
- Utbyggingar som er knytte til **allereie eksisterande olje- eller gassfelt, også satellittfelt**, skal i hovudsak følgja etablert og tidlegare namnetradisjon i området.

Namnevedtak

- Departementet fastset namn for alle nye petroleumsfelt.